

OPPVEKSTPLAN FOR ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE 2023-2026

Vedtatt i kommunestyret 17.11.22

Vedlegg: Handlingsplan 2023

Innhold

INNLEIING.....	2
Mål med oppvekstplanen.....	2
Kommuneplanen sin samfunnsdel	3
Kven er barna og ungdommane i Øystre Slidre?.....	3
Arbeidsprosess	4
Avgrensingar.....	4
Arbeidsform.....	5
UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGSBILDE.....	6
Nasjonale trekk:.....	6
Regionale trekk:.....	7
Kommunale trekk:.....	7
STATUS NOSITUASJONEN.....	8
Foreldrekompetanse:	8
Barnehage og skule	13
Fysisk og psykisk helse.....	19
Tverrfagleg samhandling - Laget rundt barn og unge i Øystre Slidre.....	20
Evaluering av dagens tverrfagleg samarbeid:	21
ØNSKA SITUASJON.....	22
Foreldrekompetanse	22
Kultur og fritid	23
Barnehage og skule:	26
Fysisk og psykisk helse:.....	27
Tverrfagleg samhandling – laget rundt barn og unge i Øystre Slidre.....	28

INNLEIING

Oppvekstplanen for Øystre Slidre kommune er ein temaplan som skal gje langsigktige mål innanfor oppvekstfeltet. Planen skal evaluerast og rullerast kvart fjerde år.

Planen blir følgt opp med ein handlingsdel som blir evaluert og revidert kvart år i samband med økonomiplanen. Handlingsdelen konkretisere prioriterte område for utviklinga i planperioden og ansvarsfordeling for gjennomføring. Tiltak som har økonomiske konsekvensar vert teken stilling til i samband med revidering av økonomiplanen og at det ut i frå den økonomiske situasjonen vil vera uvisse knytt til om tiltaket kan gjennomførast.

Oppvekstplanen skal ivareta alle barn og unge i kommunen, men vil ha eit hovudfokus på dei yngste innbyggjarane og førebyggande tiltak. Planen er i hovudsak overgripande, og berre på nokon område er grupperingar særskild nemnd. Dette for at vi skal sikre at planen gjeld for alle. I tillegg skal planen ivareta planen alle kommunane no skal ha for førebyggande arbeid innan oppvekstreforma. Her vil det vera fokus på korleis ein skal kunne gå tidleg inn og hjelpe dei mest sårbare barna og unge i samfunnet vårt.

Mål med oppvekstplanen

Øystre Slidre kommune skal vera ein god og trygg kommune å vekse opp i. Kommunen skal ha ei heilskapleg tenking og plan omkring tilbodet til barn og unge. Planen skal vera med å sikre gode oppvekstvilkår for alle barn og unge i kommunen, ved at laget rundt barna gjennom samhandling, legg til rette for at alle skal lykkast i å bli den beste utgåva av seg sjølv.

-Alle barn og unge skal ha gode og trygge oppvekstmiljø der dei trivast, føler at dei hører til og er inkludert i lokalsamfunnet

-Oppveksten til barn og unge skal uavhengig av føresetnadene, gje grunnlag for god psykisk og fysisk helse.

- Som barn og ungdom i Øystre Slidre skal du oppleve at det er rom for å bygge din eigen identitet i samspel med andre.

Kommuneplanen sin samfunnsdel

I kommunen sin samfunnsdel står det:

Gode lokalsamfunn

Øystre Slidre skal vere ein god og trygg stad å leve, besøke og arbeide i. Me skal leggje til rette for at barn og unge skal trivast, utvikle seg og oppleve meistring. Me skal ha eit inkluderande samfunn som har bu-, arbeids-, og aktivitetstilbod for alle som har sitt opphold her. Dette skal vere uavhengig av alder, funksjon og etnisitet.

Mål: Øystre Slidre skal vera ein attraktiv kommune som legg vekt på livskvalitet, inkludering, samhandling og trivsel i utvikling av eit trygt og berekraftig lokalsamfunn. Barn og ungdom skal ha stimulerande og trygge oppvekstvilkår og gode utviklingsmoglegheiter som grunnlag for ei god helse.

- Me skal prioritere barne- og ungdomsarbeid og friviljuge lag og organisasjonar.

- Me skal ha barnehagar som tek vare på barna sine behov for omsorg og leik og som leggje vekt på læring, venskap og språk.
- Me skal ha skular som arbeider for at barn og unge blir best mogleg førebudd til å meistre sin eigne liv og vere godt førebudd på arbeids- og samfunnsliv.
- Me skal ha eit helse- og omsorgstilbod tilpassa innbyggjarane sine behov med vekt på førebyggjande tiltak og meistring av eige liv.
- Me skal involvere barn og unge i kommunale planprosessar og oppmøde styre, lag og velforeiningar til å ha ein ungdomsrepresentant.
- Me skal leggje vekt på haldningsskapande arbeid slik at barn og unge skal trivast og ha respekt for seg sjølv, andre og omgivnadane

Ein viktig føresetnad for å lykkast med intensjonen i oppvekstplanen er å ha eit godt tverrsektorelt samarbeid og kunne knytte fagkompetanse på rett plass til rett tid. Ved å nytte verdiane Øystre Slidre jobbar ut i frå, vil vi ha eit godt utgangspunkt for samhandling:

- o Oppnå gode resultat gjennom samarbeid.
- o Vera opne og lyttande.
- o Vera inkluderande og ynske alle velkomne til kommunen.
- o Heie på kvarandre og la alle få rom til å blomstre.
- o Behandle alle likeverdig, men og våge å ta upopulære val.

Kven er barna og ungdommane i Øystre Slidre?

Om lag 800 av innbyggjarane i Øystre Slidre er mellom 0-25 år. Dei er barn og unge som er fysisk og sosialt aktive, og dei er barn og unge som er inaktive eller synast sosiale settingar er krevjande. Dei bur i heimar der føresette er mykje heime eller der føresette er mykje på jobb. Nokon har eit større nettverk rundt seg, andre færre. Kanskje fordi familien har fløtt hit. Dei yngste går i barnehagen og alle startar opp på vidaregåande skule.

Tall frå Bufdir 2019 (Barne, ungdoms- og familielidirektoratet) vise at 9% av barna i kommunen bur i heimar som har vedvarande låginntekt. Dette er eit stigande tal samanlikna med tall frå 2017, då var talet 6,3%. Talet er lågare enn ein finn i dei andre kommunane i Valdres.

8,5% av barna bur i heimar som har motteke sosialstønad i løpet av året. 11% mellom 0-17 år bur tront. Andre har ein trygg økonomisk situasjon og eige bustad. Nokon barn bur hjå sine biologiske foreldre, andre bur i fosterheim. Nokon på ubestemt tid, i form av beredskapsheim.

Rundt 70 barn får ekstra hjelp i barnehage eller skule i form av spesialundervisning og det er fleire som får hjelp hjå psykisk helseteneste. Det er ei hovudvekt av henvisningar frå mellomtrinnsalder. Nokon barn og unge er ekstra sårbare og treng godt koordinerte hjelpe tiltak for å kunne få bygge sitt liv på best mogleg grunnlag. Alle elevane startar opp på vidaregåande utdanning, og 83% av ungdommene gjennomfører vidaregåande opplæring. Det er eit høgt tal samanlikna med andre kommunar. Likevel er det viktig å hjelpe dei som ikkje fullfører vidaregåande.

Når det gjeld framtidstru og trua på eit lykkeleg liv, svarar berre 59% av ungdommen i Øystre Slidre at dei har tru på det i UngDataundersøkinga 2021. Vi har spurt ei gruppe av dei som svarte på undersøkinga om kva som ligg bak denne låge prosenten, og dei gir ikkje heilt tydelege svar. Det som kjem mest fram er usikkerheita for jobb i framtida.

Barn og unge i Øystre Slidre er eit snitt av barn og unge i heile landet, som skal bygge seg ein god grunnmur for resten av livet sitt, uansett kva livet vil bringe.

Arbeidsprosess

Avgrensingar

Oppvekstområdet er omfattande og kan famne breitt og lett bli særslig omfattande. I Øystre Slidre kommune har vi som mål å få presise planar som fungere som levande planar. Derfor vil det vera naudsynt å gjera nokon avgrensingar.

Aldersgruppe: Oppvekstplanen famnar barn, ungdom og unge vaksne, 0-25 år. Det vil vera ei hovudvekt på 0-15 år og i det ligg fokuset på tidleg innsats for dei yngste. Tiltak i tidleg alder vil også hjelpe dei som seinare kunne ha falle ut frå skulen eller arbeidslivet.

Det er eit eige kapittel om tverrfagleg samhandling. Her vil ein mellom anna ha fokus på førebyggande arbeid for barn og unge som vise teikn til skeivutvikling og omsorgssvikt. Målet er å fange dei opp så tidleg at ein kan hjelpe dei med kommunale tiltak.

Mange barn bur tront, og bustad er viktig for eit trygt og godt liv. Kommunen har eige prosjekt, der barnefamiliar er ei prioritert gruppe, og denne planen vil derfor ikkje gå inn på tiltak for busituasjonen.

Arbeidsform

Kommunestyrekomiteen for opplæring og kultur er styringsgruppe for planprosessen. Det har vore fem møter i komiteen.

Arbeidsgruppa har bestått av:

Kommuneadministrasjonen: Kjersti Hedalen

Helsestasjonen: Mimmi Rudi

Psykisk helseteneste: Hanne Svendsen

Pedagogisk- psykologisk teneste i Valdres v/Linda G. Nordli

Skulane: Sissel Dahle Lie

Barnehagane: Marit Synnøve O. Østli

Kultur og ungdomsarbeid: Kari Elisabeth Onstad, Øystein Skattebu

Det har vore åtte møter i arbeidsgruppa i tillegg til mellomarbeid i grupper.

Ressursgruppa:

Ungdomsrådet i Øystre Slidre kommune

Foreldreutvala på alle tre skulane

Samarbeidsutvala i barnehagane

Øystre Slidre idrettslag og Rogne idrettslag

Utdanningsforbundet, Delta og Fagforbundet

Ressursgruppa fekk tilsendt utkast av planen for innspel i løpet av prosessen. Det kom inn eitt innspel til arbeidsgruppa, i tillegg til informasjon etter møte med idrettslaga.

Etter høyringsrunda var det kome inn ni innspel til planen.

I arbeidet vårt har vi nytta ei SØT-analyse:



Vi har gjort eit grundig arbeid med å kartlegge korleis situasjonen er i dag. Dette har fått plass i denne planen for å ha ei felles forståing for dagens situasjon. Vidare har vi beskrive korleis vi ynskjer å ha det for å kunne nå måla i planen. Til slutt har vi sett inn tiltak for å nå måla. Tiltaka vil du finne i handlingsplanen. I planen har vi overordna mål. Vi vil vidare i 2023 arbeide med å dele måla meir opp og samkøyre det med måla i økonomiplanen.

Innbyggaren si stemme.

Barnehagane har hatt Barnesamtaler og 1.-4. klasse har hatt samtalegrupper der barna har fått seie kva dei meiner er viktig i sin kvardag. For elevar i 5.-10 klasse har vi svar frå elevundersøkinga og Ung Dataundersøkinga.

Heimane har kome med innspel i foreldremøte eller via digitalt utsendt spørjeskjema til heimane i barnehagane og via klassemøter på skulane. Dette er gjennomført med ei foreldreundersøking, der dei svara i grupper. Her har det kome inn gode refleksjonar og idear. Mykje at det er take med i denne planen. I tillegg vil vi ta med svara frå undersøkinga inn i handlingsplanen og i planlegging av tilboda vi gir uavhengig av denne planen.

Kva synast du er gøy å gjera i barnehagen?

Ake, gå på ski, grave snøhule, grave kake i bøtte og tømme ut.

Å tegne

Være på kino i barnehagen, sjå på den stor skjermen. Klatre i klatretreet.

Leike og huske.

Gå på puterommet. Leike ute.

UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGSBILDE

Nasjonale trekk:

To store reformer vil prege oppvekstfeltet i planperioden. Dei blir sett i verk på same tid:

- Oppvekstreforma/barnevernsreforma: gjelande frå 1.1.2022. Reforma handlar om overføring av fagleg og økonomisk ansvar frå stat til kommune. Med denne reforma får kommunane no meir ansvar på barnevernsområdet. Eit av måla med reforma er at kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging i hele oppvekstsektoren.
- I stortingsmeldinga "Tett på- tidlig innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO", varsla regjeringa eit kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Målet med kompetanseløftet er at det skal sikrast rett kompetanse nært barna, altså barnehage, skule, pedagogisk- psykologisk teneste, helsestasjonen og andre tenester som gir støtte til barn og ungdom. Barn og ungdom skal ha eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i skule og barnehage. Tverrfagleg samarbeid i kommunen er ei forventning. Vidare vil Statped jobbe meir inn mot større og samansette saker.

Regionale trekk:

I fleire år har Valdresregionen arbeidd med felles kompetanseheving i barnehage og skule. Vi nyttar samarbeid med Høgskulen Innlandet. Pedagogisk- psykologisk teneste i Valdres er aktivt med i dette arbeidet.

Oppvekstløftet: I Valdres blir deler av barnevernsreforma og deler av kompetanseløftet sett under eitt. Dette kallas "Oppvekstløftet for ungar i Valdres". Hovudmålet er at Valdreskommunane skal styrke si samhandling og førebyggande innsats for at fleire barn i Valdres skal få rett og koordinert hjelp til rett tid. Delmåla i oppvekstløftet er å utarbeide ein regional samhandlingsmodell og plan for førebyggande arbeid samt å styrke samhandlingskompetansen i alle ledd. Det blir laga lokale planar i kvar kommune der ein skal sikre måloppnåing også innanfor lokale behov.

Kommunale trekk:

Skule og barnehage har eit samarbeid med Høgskulen Innlandet som ein del av vidareføring av det regionale utviklingsarbeidet.

I tillegg er det starta eit arbeid med samarbeid på tvers av tenestene i kommunen, som det er ei forventning om å vidareutvikle til det beste for innbyggjarane. Dette blir ein del av Øystre Slidre kommune sitt fokus innanfor «Oppvekstløftet for ungar i Valdres».

Kommunen jobbar aktivt for å få flyktningar busett i kommunen. Det er ofte barnefamiliar som kjem hit. I tillegg har kommunen arbeidsinnvandring, der heile familiar kjem og busett seg i Øystre Slidre. Det gir behov for ekstra fokus på særskild språkopplæring. Sjølv om det totalt sett er få elevar med framandspråkleg bakgrunn, er det behov for ein betydeleg ressurs innanfor språkopplæring. Opplæringslova gir elevane rett på særskild språkopplæring til dei kan følgje ordinær undervisning.

For å kunne gje dei rette tenestane, er systematisk arbeid for å få rett kompetanse nødvendig.

Kommunen er med på eit prosjekt som skal gje innbyggjarane som har behov for det, ein enklare inngang inn på bustadmaden. Prosjektet heiter Bustad for velferd, og gunstige ordninger for startlån er eit av hjelpe midla. Barnefamiliar er prioritert i arbeidet. Dette vil kunne vera med på at færre barn og unge veks opp i tronge heimar og må flytte på seg ofte.

STATUS NOSITUASJONEN

Foreldrekompetanse:

Kommunestyret bestemte i 2016 at ein skulle ha foreldrekompetanse som ein prioritet i kommunen. Tenestene som arbeider med barn og unge i kommunen har hatt fokus på korleis ein kan hjelpe til med å bygge robuste barn, som skal kunne handtere dei sidene livet byr på.

I dag har vi fleire tiltak inne for å vera ei støtte til foreldre, både som rettleiing direkte med heimar og generelt for alle heimar. Helsestasjonen er heimanes første møtepunkt for rettleiing. Den skal vera lett tilgjengeleg for råd og rettleiing på telefon, ved oppmøte på helsestasjon eller ved heimebesøk. Dei har ansvaret for barselgrupper. I tillegg har Frivilligcentralen faste møtepunkt for spedbarn og føresette.

På skulane har vi foreldreskule for 1., 5. og 8. klasse. Målet er å gjere foreldregruppa i klassane betre kjend med kvarandre, med skulen og med hjelpeinstansane. Her blir det mellom anna jobba med psykologisk fyrstehjelp som metode, og det same får elevane opplæring i på skulane. Sosiallærar, helsesjukepleiar, FAU-leiar, rektor og lærarar har ansvarsoppgåver på foreldreskulen.

Kommunen gir spesifikke kurs som Tryggheitssirkelen (COS-P) og TIBIR. Tryggheitssirkelen er eit helsefremmande tiltak som omhandlar tilknytning. TIBIR (Tidleg innsats for barn i risiko) har som målsetting å førebygge og avhjelpe åtferdsproblem på et tidleg tidspunkt og bidra til borns positive utvikling. Begge programma har som mål å gje heimane betre kunnskap om korleis dei kan møte sine barn, forstå dei og deira behov. Det har vore eit mål å kunne tilby PMTO (Parent management training – Oregon) som lågterskeltilbod. PMTO bygge på det same som TIBIR, men det er eit tettare samarbeid mellom terapeut og heimen. Det er i dag ikkje nok terapeutar i Valdres til at vi kan tilby dette som lågterskeltilbod.

Helsestasjon og flyktningetenesta innfører i 2022 International Child Development Programme (ICDP) i introduksjonsprogrammet for flyktningar. Programmet er et enkelt, helsefremmande og førebyggande program som har som mål å styrke omsorga og oppveksten for barn og unge. Det rette seg mot omsorgsgjevarar og skal styrke deira omsorgskompetanse.

Over fleire år har det vist seg at få foreldre melde seg på kurs innanfor foreldrekompetanse. Foreldreundersøkinga gjort på bakgrunn av oppvekstplanen, vise at foreldre er positive og ser nytta av kurs, men dei har ulike grunnar til at dei ikkje melder seg på. Det kan vera at kurset går over for mange møter, travel kvardag og det stigmatiserande ved å melde seg på eit kurs om å vera forelder. Dei ynskjer lågterskeltilbod som er knytt opp til møtearena vi allereie har. Foreldreskule blir spesielt nemnt som ein god arena. Det er ved to fasar i livet foreldra ynskjer støtte, den første tida til barnet og ved overgang til ungdomstida. I tillegg framhevar dei kontakten med skule og foreldra til klassekameratane som viktig. At dei kan drøfte saker og bekymringar med dei.

Tryggheitssirkelen og TIBIR får flest stemmer når foreldra blir spurta om kva type kurs dei tenker foreldre kan ha bruk for.

Kultur og fritid

Øystre Slidre kommune har gode og varierte tilbod til born og unge innan kultur, idrett og andre fritidsaktivitetar. Det er generelt god breidde i tilboda med rik tilgang til utstyr og anlegg, der det skal vere anledning for dei fleste til å finne eit tilbod dei kan vere med på.

Likevel er det ein del born og unge som ikkje tek del i organiserte fritidstilbod. Dette kan ha ulike årsakar, som økonomi, familiesituasjon, tilgjengeleghet og informasjon om dei ulike tilboda. Ungdata syner at det er stort fråfall i deltaking i organiserte tilbod i ungdomsskulealder, og at utviklinga er negativ dei siste ti åra. Foreldreundersøkninga gjort gjennom FAU peiker på at spesialisering, konkurransefokus og endring i interesser er hovudårsak til at dei sluttar. At dei sluttar, betyr likevel ikkje at dei ikkje er aktive eller manglar fritidstilbod. Mange held på med andre eigenorganiserte aktivitetar, som å besøke vene, går på ungdomsklubben, gaming, ski og alpint, sykling og skating. Det er likevel uroande at så mange fell frå i dei organiserte tilboda, både for å oppretthalde tilbod og fagmiljø, men også for rekruttering til frivilligheita i laga.

Kulturskule

Øystre Slidre kulturskule tilbyr tilbod innan dans, teater, visuell kunst og musikk. Per januar 2022 har kulturskulen omlag 160 elevar, der dei fleste er mellom 6 og 16 år. Kulturskulen har 15 tilsette, mange i små stillinger.

Kulturskulen har som føremål å gje opplæring med høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle born som ynskjer det. Føremålet med opplæringa er å lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk. Opplæringa skal også bidra til born og unge si danning, fremje respekt for andre sin kulturelle tilhørighet, bevisstgjøre eigen identitet, bli kritisk reflekterande og utvikle eigen livskompetanse. Kulturskulen skal og vere ein sosial møteplass for kunstnarisk utfalding. Her skal elevar bli møtt på sitt nivå og få oppleve glede over musikk, kunst, dans og teater gjennom leik og moro.



Kulturskulen har rusta opp og tilpassa undervisningslokala sine på Tingvang, med mål om å skape ein samlande og sosial læringsarena, som vil bidra til betre samarbeid og samhandling mellom lærarar og elevar for eit best mogleg opplæringstilbod. Kulturskulen samarbeider også med skulane og barnehagane, lag og organisasjonar om tilrettelegging av tilbod og sambruk av rom og inventar.

Gjennom foreldreundersøkinga kjem det fram at fleir foreldre opplever at kulturskuletilbodet er dyrt, og at dei ynskjer større stabilitet i lærarstabben.

Ungdomens kulturhus Gapahuken

Gapahuken vart opna i 2018 for å sikre eit godt fritids- og ungdomsklubbtilbod for framtida i Øystre Slidre. Gapahuken er primært nytta til ungdomsklubbføremål og ungdomsaktivitet i kommunal regi, men er og open for bruk av lag- og organisasjoner og andre lokale kulturaktørar. Ungdomsklubben har nyleg fått ferdigstilt uteområdet, med skatepark, amfi og konsertscene. Kommunen har i samarbeid med Lydkåken Rockeverkstad etablert ein rockeverkstad ved Gapahuken for eigenorganisert musikkøving og studioinnspeiling.

Ungdomsklubben har fast opningstid to dagar i veka, i tillegg til å arrangere konserter, gamingaktivitetar og andre arrangement for ungdom. Hovudmålgruppa er 8.kl – 3.vg med hovudvekt på elevar i ungdomsskulealder, men det vert også arrangert juniorklubb for mellomtrinnet med jamne mellomrom.

I 2022 starta klubben opp eit treårig prosjekt for å etablere ein møteplass for gaming og e-sport. Ungdomskonsulenten er leiar for prosjektet, som vert drive fram som eit samarbeid mellom ungdomsklubben og den nyoppredda foreininga Nettverket E-sportsenter.

Klubben har også starta opp att mekkeverkstaden på Helsehuset som eit halvårig prosjekt fram til skuleslutt i juni 2023. Målet er å kartlegge behov og kostnadar ved drift av eit varig mekketilbod for ungdom i kommunen.

Ung data, og innspeil frå ungdomsrådet syner at ungdomen i Øystre Slidre er godt nøgde med ungdomsklubbtilboden. Klubben opplever stabilt gode besøkstal ved alle aktivitetar. Klubben har som mål å vere inkluderande, og legge til rette for at ungdom har trygge og gode møteplassar der dei kan halde på med relevante aktivitetar dei er opptekne av. Klubben har tre tilsette på 0,96 årsverk. I periodar har me også lærling/lærlingar i barne- og ungdomsarbeiderfaget. Mykje av aktivitetane og tilboda på klubben er finansiert med ekstern stønad.

Ungdomsdemokrati

Ungdomsrådet i Øystre Slidre består av fem ungdomar i alderen 13-20 år. Ungdomsrådet møter 5-8 gonger i løpet av året, og der dei drøftar og kjem med innspeil til politiske saker som opptek ungdom. Ungdomsrådet disponerer årleg 30 000 kr som dei kan nytte til ulike ungdomsføremål.

Kommunen arrangerer også eit årleg forhandlingsmøte for elevråda på Rogne- og Lidar skule, der elevane får trening i demokratiske disiplinar gjennom å argumentere for- og forhandle om ein pott på 30 000 kr til aktivitetsfremjande tiltak ved skulane. Ut i frå erfaringar, fungere ikkje dette optimalt i dag. Ungdomsrådet vil kome med forslag til endringar i løpet 2022, med ynskje om forhandlingsmøte etter ny modell frå 2023.

UKM

Kommunen samarbeider kvart år med dei andre Valdres-kommunane om gjennomføring av Ung kultur møtes (UKM) på Fagernes. UKM er ei mønstring for ungdom mellom 13-20 år, der dei får syne fram eigen kunst- og kulturuttrykk, og vere med på workshopar og kurs.

Frå sentralt hald er det eit ynskje om at UKM skal bli eit heilårsarrangement, der kommunen og kommunane i Valdres kan tilby fleire ulike tilbod gjennom året. I Øystre Slidre er det ungdomsklubben som tek ansvar for UKM-arbeidet, og finansierer delar av UKM-aktivitetane gjennom tilskotsordningane til UKM.

[Idrett og fysisk aktivitet](#)

Øystre Slidre har mange gode tilbod og aktivitetar innan idrett og fysisk aktivitet for born og unge. Dei to idrettslag, skyttarlaga, karategruppa m.f. leverer gode topp- og breiddetilbod, der gode eldsjeler legg ned ein stor og viktig innsats. Kommunen har mange gode anlegg, særskild innan tilboda ski og fotball.

Foreldreundersøkinga understrekar det gode og varierte tilbodet, men at tilbodet er dårlegare på vinterstid. Nokon meiner at tilboda bør bli fordelt meir utover i kommunen geografisk.

Koronatida førte til ein nedgang i talet på aktive og frivillige i idretten. Idrettslag og idrettsrådet meiner det har vore ein oppsving i ettertid, men at me ikkje er tilbake på det same nivået som før pandemien. Under pandemien hadde ein ikkje tilgang til hallen på Beitostølen, noko som førte til mindre vinteraktivitet. Gymsalane på skulane er ikkje store nok til å kunne gjennomføre gode treningar i fleire av idrettsgreinene. Her ser begge idrettslag og foreldreundersøkinga eit klart behov for ein fleirbrukshall til i kommunen.

Begge idrettslag slit med å rekruttere foreldre og andre til frivillig arbeid i idrettslag, som trenrarar eller til styreverv. Foreldra forventar i stor grad å kunne levere ungane på trening, utan at dei skal måtte bidra noko særleg sjølv. Mange ynskjer at ulike tilbod blir oppretthalde, noko idrettslag er positive til, men som vert utfordrande når ingen vil ta på seg ansvaret for aktivitetane. Mangel på frivillige betyr bortfall av tilbod, av deltakarar, som igjen fører til små miljø og grupper. Dei som har ambisjonar vert ofte med på regionale satsingslag, noko som fører til at forbilda gjerne blir borte frå dei lokale laga og tilboda (t.d. ski og fotball). Dette fører igjen til fattigare og mindre motiverande miljø for dei yngste, som gjev dårlegare rekruttering.

Idrettslag ynskjer å bli betre på informasjon, både kvar for seg og kring tilbod dei har saman. Begge idrettslag og heimane etterspør enklare tilgang til informasjon om aktivitetstilbodet i kommunen.

I foreldreundersøkinga kjem det fram at det er viktig med trygge, engasjerte og fagleg flinke instruktørar. Mange seier at det viktigaste for dei er at barna opplever glede, meistring og samhald på fritidsaktivitetane. Dei seier også at ein skal vera varsam med å spisse aktiviteten for tidleg. 67 % opplever at aktivitetane er opne og inkluderande, 16% seier dei er lite opne og inkluderande, medan 16% seier at dei er svært opne og inkluderande. Ungdomar i ungdomsskulen (den gruppa der det er størst fråfall) understrekar at dei ynskjer tilbod utan for sterkt konkurransepreg. Dei ser også utfordringa med å skulle serve både topp og breiddetilbod når miljøa og talet på deltakarar er så låge som dei er.

Økonomiske støtteordningar

Foreldreundersøkinga syner at det er under halvparten av heimane som kjenner til støtteordningar vi har for barnehage, SFO og kulturskulen.

Barnehage og skule

Øystre Slidre har to kommunale og ein privat barnehage, to barneskular og ei ungdomsskule.

Kommunen har mange godt utdanna og engasjerte fagpersonar innanfor skule og barnehage som arbeider med mål om at alle barn i kommunen får ein trygg og god oppvekst, og ei god grunnutdanning. Vi har tilsette som vidareutdannar seg. I skulane har vi dei siste åra tilsett vernepleiar og barnevernspedagogar i stillingar som er knytt opp til enkeltelevar med spesielle behov. Vi har tilsette som nyttar nærområdet og naturen i undervisninga. Dette gir barna i barnehagen og elevane i skulane våre gode opplevingar som knyter fagstoff til kvardagslivet samstundes som dei får bevege seg og bruke kroppen. Barneskulane våre nyttar uteskule som ein del av undervisninga i fag som t.d. naturfag, matematikk, kroppsøving osb. Vi har uteområde der det er plass til variert leik og aktivitet. Uteområdet på ØSUS treng å oppgraderast for å innby til aktivitet for ungdom. Vidare vil det også vera behov for å sjå på uteområda på barneskulane for å vurdere gode aktivitetsmoglegheiter på dei områda ein har tilgjengeleg i framtida. Det er størst behov på Rogne skule. Det har vore satsa mykje på skule og barnehage i kommunen, vi har barnehagar og skuler som vi kan vera stolte over. Når kommunestyret vedtok femdagarsveke for 1. og 2. klasse, presiserte dei i vedtaket at den ekstra tida på skula skulle nyttast til frileik og leikbasert undervisning. Det har gjeve skulane moglegheit for å legge til rette for mykje leik for dei yngste elevane. Med dette vedtaket har elevane i Øystre Slidre meir undervisning/oppfølging av pedagogar enn minstekravet nasjonalt. Dette gir vidare behov for fleire lærarar for å dekke behovet i skulen.

Tidleg innsats

St. meld.6 "Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO" beskriv at tidleg innsats betyr eit godt pedagogisk tilbod frå tidleg småbarnsalder. At barnehagar og skular arbeider for å førebygge utfordringar, og at tiltak settast inn med ein gong utfordringar avdekkast. Tiltak kan være tilrettelegging innanfor det ordinære tilbodet og/eller ved å sette inn særskilte tiltak.

Grunnlaget for utvikling og læring blir lagt i barna sine fyrste leveår. Dersom barna utviklar eit godt fundament desse åra, aukar sjansen for ein god utvikling vidare.

Det tilbodet borna får i barnehagen og dei første åra i grunnskulen, legg grunnlaget for korleis dei lykkast vidare i utdanning og arbeid. Det er derfor viktig at alle born får tilgang til eit godt tilpassa pedagogisk tilbod tidleg i livet. Dersom det oppstår nye behov undervegs i utdanningsløpet, skal barn og elever få rask hjelp og tilrettelegging for å unngå at utfordringa veks seg større.

Regjeringa meiner at det viktigaste grepet vi kan ta for å fremme og styrke ein inkluderande praksis i barnehage og skule, er å forbetra kvaliteten på det ordinære, allmennpedagogiske tilbodet. Barnehagar og skular med høg kvalitet har dyktige lærarar, leiarar og andre tilsette som sørger for at born og elevar meistrar, lærer og utviklar seg ut frå eigne føresetnader.

Dette samsvarar med fokuset i Oppvekstløftet.

Barnehagen:

Det er ca. 90% av ungane som går i barnehagen. Ein ser at det kan variere noko når dei byrjar i barnehagen ut frå kva innretning kontantstøtta har. Tal frå KOSTRA viser og at tal dagar per. veke som dei oppheld seg i barnehagen har auka. Kommunen tilbyr 3, 4 eller 5 dagarsplass. Ein ser at 5 dagarsplass har vorte meir og meir vanleg. Det kan være ei utfordring å fange opp ungar som kjem til kommunen gjennom arbeidsinnvandring i løpet av året.

For barnehagane er det to foreldremøte i året. Det er tilbod om to foreldresamtaler, men heimane eller barnehagen kan når som helst be om samtale ved behov. I Beito barnehage er det og eit foreldrenettverk som arrangerer sosiale møteplassar for alle barn og foreldre, der målet er å bli kjent og skape gode relasjonar utanfor barnehagen.

Barnehagane oppleve meir utfordrande grupper som krev mykje av dei tilsette. Dette gjeld både i forhold til å ”være tett på” einskilde barn, organisering, kunnskap, utviklingsarbeid og reformar, samt å jobbe tett og målretta i team. Det kan gjelde utfordingar knytt på systemnivå som heile grupper, men også utfordingar ved at barnehagane no har fleire barn med spesialpedagogisk hjelp. I tillegg oppleve barnehagane at heimane stiller store krav til både innhaldet og oppfølging av sitt barn med individuelle ynskjer. Individperspektiv versus gruppeperspektivet. Barnehagane opplever at heimane meir no enn før, søker råd og rettleiing på små og store utfordringar i kvardagen. Samfunnet sitt krav til innhald og kompetanse i barnehagen som utdanningsinstitusjon (mellom anna tidleg innsats, oppvekstløftet, utviklingsarbeid m.m.) og dei tilsette sin auka kompetanse og ynskje om å gjera ein god pedagogisk jobb, gjer at det opplevast som eit sprik mellom krav utanfrå og dei ressursane ein har tilgjengeleg i dagens barnehage sjølv om ein følger norm for bemanning.

Å bygge kompetanse for framtidas barnehagar, både å møte barn og foreldre samt å vidareutvikle kunnskap for alle tilsette er viktig. To gonger i året blir kompetansehevingsplanen revidert. Dette for å ha oversikt over kva kompetanse ein treng framover. UDIR har målretta utdanningstilbod innanfor ulike satsingsområdet som barnehagelærarar tek som vidareutdanning. Valdresregionen har eit samarbeid med Høgskulen Innlandet (HINN) om kompetanseheving for heile regionen og for den einskilde barnehage. Alle barnehagane arbeider med sitt eige utviklingsarbeid. Valdresregionen har også starta eitt samarbeid innan rettleiing for nyutdanna barnehagelærarar. Det er lovfesta at nyutdanna skal ha rettleiing dei to første åra dei er i arbeid. Målet er å sikre overgangen til praksisfeltet med mål om at dei skal bli værande i yrket. I Øystre Slidre har vi nyutdanna som er med på ordninga og vi har rettleiarar som inngår i teamet som rettleiarar nyutdanna i andre kommunar.

Ingen saker er meldt inn til Innsatsteamet frå barnehagane, trass i informasjon ut til heimane om tilboden. Barnehagane melder no fleire saker til PPT og har lågterskeltilbod og samarbeid med helsejukepleiarar (barnehagehelseteam) og PPT. Det er sett i gang ei kursrekke med rettleiing for tilsette i regi av Barnevernet, der målet er kompetanseheving for alle tilsette, betre kunnskapen om kvarandre og sikre god samhandling.

Etter at Tingvang barnehage vart lagt ned, og Heggebø Friluftsbarnehage ikkje utvida med meir enn til 42 plassar, variera det kor mykje ledig kapasitet barnehagane har gjennom året.

Det betyr at det kan være vanskeleg å få plass (i alle fall å oppfylle fyste valet til heimen) dersom ein ikkje har søkt ved hovudopptaket som er medio februar kvart år. Det kan igjen føre til utfordingar kring arbeidsinnvandrarar som kjem med familie gjennom året. Ein kan og oppleve at tildeling av barnehageplass gir utfordingar når det gjeld logistikk (bustad – barnehage – jobb).

Overgang barnehage – skule:

Kommunen har ein overgangsplan mellom barnehage og skule som legg til rette for å skape ein god dialog og tryggheit i overgangen. I tillegg til planen er det utarbeidd rutine for dei ulike møta, slik at det er tydeleg kva målet med møta mellom tilsette er. Dette er viktig for å sikre rett retning og kvalitet i arbeidet.

Nr.	TID	TILTAK	ANSVAR	MERKNAD
1.	JAN. 1,5 år før	Informasjon til rektor om born med vedtak etter § 5.1 med ansvarsgruppe. Rektor deltek på ansvarsgruppemøter	Styrar	
2.	OKT	Lister til rektorane over born som skal starte på skulen neste haust	Kommunalsjef	
3.	NOV 1.veka	Nettverksmøter for tilsette i skule og barnehage	Rektor	Pedagogar og lærarar deltek
4.	NOV	Informasjon om born med spesielle behov, språk, logoped til kommunalsjef	Styrar	
5.	DES	Evaluering av samarbeidet mellom barnehagane og skulane	Kommunalsjef	
		OPPSTARTSÅR		
6.	JAN.	Felles annonse om innskriving Rektor sender personleg innkalling	Rektor fastset dato innan 1. jan	sektorkontoret set inn annonse
7.	JAN.	Innskriving	Rektor	Frist 1.februar
8.	JAN	Felles foreldremøte barnehage og skule for neste skuleårs fyrsteklasse	Styrar/rektor	På skulen Aktuelle tema i samarbeid med helsestasjon og psykisk helse .
10.	MAI	Ein besøksdag for alle barnehageborna på skulen-barnehagedag	Styrar	Barnehagen står for opplegget
11.	VÅR	Informasjon mellom barnehage og skule. Innhente samtykke om personlege forhold	Styrar	Overgangsskjema
12.	MAI/ JUNI	Foreldremøte på skulen for nye og «gamle» foreldre	Rektor	
13.	JUNI	Ei markering i barnehagen for dei eldste	Styrar/pedagogisk leiar	
14.	JUNI	Besøksdag for nye fyrsteklassingar: <ul style="list-style-type: none"> • personleg brev • informasjon om fadderordning • møte m/kontaktlærar om muleg • det skal vere med ein voksen frå barnehagen 	Rektor	Skulen står for opplegget

15.	AUG.	Skriftleg innbyding til skulestart ca. to veker før	Rektor	
16.	AUG.	Kontaktlærar ringer heimane fyrste fredagen for å opprette kontakt	Kontaktlærar	
17.	SEPT	Foreldresamtalar for 1.klasse	Kontaktlærar	Foreldre fortel om barnet og skulestart
18.	SEPT/OKT	Foreldreskule		Totalt tre kveldar. To på hausten, ein i januar

Skulen:

I Øystre Slidre er det to barneskular og ei ungdomsskule. Vi har mange godt kvalifiserte fagpersonar, men talet på uflaglærte er for høgt. Vi ser at det er ei utfordring å rekruttere nok kvalifiserte lærarar. Vi deler denne utfordringa med skular elles i landet. Fleire av lærarane tek vidareutdanning. Vi har no tilsett med kompetanse innanfor særskild språkopplæring på barneskulane og ein tilsett som tek vidareutdanning innanfor faget no. Vi har ein eigen kompetanseplan som gir oversikt over kva kompetanse vi har og kva vi vil trenge framover.



I overgang barneskule-ungdomsskule er det overgangsmøter, foreldremøte og besøksdag for nye 8. klassingar. Det er eit godt samarbeid med ungdomsskulen og Valdres vidaregåande der ein også har overføringsmøter for dei elevane det er nyttig for.

Det blir og arrangert sosiale treff for 7. klassingane på dei to barneskulene slik at dei skal bli kjent med kvarandre før skulestart på 8. trinn.

I skulen ser ein ulike samansette utfordringar i kvardagen. Dei siste åra har skulevegring vore eit aukande problem i skulen. For å koma så tidleg og så systematisk inn som mogleg, er det utarbeidd ein plan for bekymringsfullt skulefråvær som alle skulane skal nytte frå våren 2022. Planen nyttast også i fleire kommunar i Valdres.

Ein oppleve eit auka ynskje frå foreldra om støtte og rettleiing i kvardagen. Skulen opplever og at fokuset, både frå samfunnet generelt og foreldre spesielt, er meir individretta. Dette kan vera eit resultat av to år med pandemi, like fullt er det ein trend som vi må vera bevisste på. Læring går føre seg i sosialt samspel med andre, og skulen har fokus på fellesskapet. Å fungere godt sosialt er ein ferdighet som er viktig å få god erfaring med for å meistre livet sitt vidare. Alle skulane har sosiallærarar, barneskulane har fire timar i veka, medan ungdomsskulen har ti timar i veka. Sosiallærar skal mellom anna vera med å støtte opp om arbeidet med fellesskapet blant elevane. Det er ein helsejukepleiar to dagar på barneskulane og tre dagar på ungdomsskulen.

Det er ei auke i enkeltelevar og grupper som treng rettleiing og støtte. Ein ser og ei meir samansett gruppe som til tider krev ekstra oppfølging. Det gjeld både einskilde barn og heile grupper. Det er ei overvekt med oppmelding til PPT på mellomtrinnet, dette er seint. Vi arbeider for å oppdage og gi hjelp så tidleg i løpet som mogeleg. I årsmeldinga for 2021 kom det fram at om lag $\frac{1}{4}$ av pedagogimane i skulen går med til spesialundervisning.

Frå hausten 2022 får ein inspektørar i 20% stilling på kvar skule. Auke i ansvarsområde og lovendringar, gjer til at det er behov for ei støtte for rektor i både pedagogisk og administrativt arbeid.

Trygt og godt skolemiljø:

Opplæringslova kap 9A gir tydelege føringar og forventningar til at alle elevar skal oppleve at det er trygt og godt på skulen. I Øystre Slidre vise undersøkingar og kartleggingar at dei aller fleste elevane oppleve det som trygt og godt å vera på skulen. Så er det nokon elevar som oppleve i deler av skuleløpet at dei ikkje har det trygt og godt. Dette kan vera i form av mobbing, oppleving av faglege utfordringar dei ikkje handtere eller skulen som ein del av heile deira liv/kvardag. Nokon saker kan vera særskilt komplekse og dei førekjem også på yngre elevar enn tidlegare. Det er eit krav at skulen skal handtere sakane til det beste for eleven. 9A er ein individuell rett, men saken er alltid i samanheng med eit sosialt fellesskap. Ein må derfor også ta omsyn til dei andre elevane i arbeidet med ein 9A-sak. Sakene skulen skal handtere, tek mykje ressursar og fokus og det blir opplevd som krevjande å stå ansvarleg som rektor og lærar.

Uønska åtferd og språkbruk mot medelevar og mot vaksne prege skolemiljøet/enkelte klassemiljø i periodar. Dette vil over tid skape utrygge skolemiljø og ta mykje fokus vekk frå læring. Dette er det viktig at skulen og heimane jobbar med saman for å snu.

Resultat frå ulike undersøkingar:

Grunnskulepoenga ligg under dei andre kommunane i Valdres.

Resultata frå nasjonale prøver vil, fordi vi har små kull, variere frå år til år. Resultata variere frå godt over snitt til under snitt samanlikna med landet og kostragruppa. Det er ulike årsaker til at ein har varierande resultat samanlikna med andre, men ein kan ynskje at det ikkje er så store variablar år for år, med hovudvekt på 5. trinn. Elevundersøkinga vise ein liten nedgang over tid når det gjeld motivasjon og elevmedverknad.

Elevane er godt fornøgde med oppfølging heime, dei opplever generelt eit trygt og godt skule- og læringsmiljø.

Desse undersøkingane syner at vi har skular der dei fleste elevane melde at dei har det trygt og godt, men vi har noko å gå på når det gjeld faglege resultat, særleg på barneskulane, og særleg blant dei yngste elevane. Dette kan ein også sjå ut i frå skulebidragsindikatoren. Det blir derfor viktig å styrke begynnaropplæringa. Det må arbeidast aktiv for å rekruttere og behalde lærarar med denne kompetansen.

Frå spørjeundersøking blant elevane på 1.-4.trinn fekk vi mellom anna inn desse innspela:

På spørsmålet om kva som er ein fin skuledag for deg svara dei fleste at det er viktig å ha nokon å vera med i friminutta. Dei aller fleste likar best dei praktise faga, så vi har ein jobb å gjere når det gjeld å motivere elevane.

I fritida er det viktig å ha vene å vera saman med. Mange er med på organiserte aktivitetar i regi av kulturskulen og idrettslag. Svært mange, særleg gutter, nemner gaming som ei hovudinteresse og som ein sosial arena.

Foreldresamarbeid i skulen:

Det er foreldreskule i 1., 5. og 8. trinn. Målet med foreldreskule er at foreldra bygger nettverk og blir godt kjende. Dei blir og kjende med andre instansar som vi samarbeider med: FAU, helsejukepleier, sosiallærar, barnevern, pedagogisk psykologisk teneste. Dei får og eit innblikk og ein tanke bak val av t.d. arbeidsmåtar og lekser.

Det er storforeldremøter haust og vår for alle foreldra + klasseforeldremøter. I tillegg er det to utviklingssamtaler og elevsamtaler.

Kvar klasse har ein klassekontakt og ei nettverksgruppe som arrangerer sosiale treff for klassen. Nettverksarbeid på klassenivå er viktig både for klassemiljøet og for foreldregruppa.

Ein forelder frå kvar klasse er medlem i FAU. I tillegg har kvar skule SMU og SU der foreldre, elevar, tilsette og kommunen er representert.

Forbetningsområde innanfor skule og barnehage:

- Foreldreskule i barnehagane, ein arena for å heve foreldrekompetanse og bygge relasjonar.
- Fortsette å heve kompetanse innanfor sosialpedagogiske og spesialpedagogiske område både i barnehage og skule.
- Meir fokus på fagleg trykk og elevmedverknad i skula.
- Lage gode rutinar for korleis barnehagane og skulene tek i mot og inkluderer flyktningar og andre framandspråklege elevar.
- Kvalitetssikre og effektivisere samarbeid mellom tenestene og mellom kommune og eksterne fagmiljø, slik at ein får rett hjelp inn til rett tid.
- Arbeide for eit trygt og godt skolemiljø for alle elevane.

Fysisk og psykisk helse

Fysisk aktivitet fremmer helse, gir overskot og er eit viktig og veldokumentert verkemiddel i førebygging av ulike sjukdommar. Psykisk helse handlar om korleis du oppfattar deg sjølv og andre, korleis du har det i kvarldagen og korleis du taklar utfordringar. Fysisk og psykisk helse heng tett saman. Barn er skapt for aktivitet, og er sjølvgåande aktive så lenge foreldre legg til rette for det. Aktivitetsnivået blir redusert gjennom barne og ungdomsåra. Både kommune, barnehage, skule, organisasjonar og familien har viktige roller med å legge til rette for at barn og unge får sine daglege anbefalte 60 minutt.

Ungdom i Øystre Slidre viser seg å være tilfreds med fritidsklubben og lokalar til å treffe andre ungdom, noko som kommunen har satsa på dei siste åra.


Undersøkingar viser ein aukande tendens til å bli mindre aktiv i ungdomstida og aukande overvekt. Det at ungdom ikkje har tru på ei lykkeleg framtid er også bekymringsfullt. Sikre varierte aktivitetsmoglegheiter og presentere ungdommane for arbeidslivet i Valdres vil vera viktige tiltak for å gje dei meir tru på eiga framtid.

Ungdata-undersøkinga har over år vist at ungdom i Øystre Slidre startar tidleg med å drikke alkohol, samt at mange får lov av foreldra eller ikkje veit om dei får lov. Årleg blir det køyrt eit foreldreretta arbeid innan rusforebygging på ungdomskulen, Utsett – utvikla av KorusØst med bruk av tal frå ungdata-undersøkinga. Forsking vise at tidleg debut med alkohol aukar sannsynet for meir omfattande drikking gjennom heile ungdomstida. Ungdom som drikk seg rusa er meir utsett for å bli eksponert for uønska og skadelege hendingar. Alkohol er ein del av det heilskafelege bildet i nærmare 80 % av kjente valdsepisodar, og seksuelle krenkingar skjer langt hyppigare når ein er rusa. Det er varierande oppmøte på desse temakveldane på ungdomsskulen.

Skulane har i 2021 fått auka sitt nærvær av helsesjukepleier med "open dør", da det vart auka bemanning i tenesta. Dette er eitt treårig prosjekt, men med forventing om å fortsette utover prosjekttida. Dette gjer til at vi har fått auke i tida dei har ute på skulane. Effekten av å ha «open dør» i skulehelsetenesta er veldokumentert. Kommunen har ikkje tilbod om helsestasjon for ungdom. Det er krav om dette i forskrift om helsestasjons- og skulehelsetenesta. Det er forsterka helsesjukepleiertilbod på Valdres videregåande skule som er eit samarbeid mellom kommunane i Valdres.

Tverrfagleg samhandling - Laget rundt barn og unge i Øystre Slidre

Laget rundt dei unge:



Modellen vise kven barn og unge har rundt seg i sitt liv. Dei som er nærmast barnet er dei som er dei viktigaste støttespelerane. Derfor er det viktig å kunne ha støtte til familien rundt barna som har behov for hjelp av ulik grad.

Noverande tverrfaglege samarbeid:

- Innsatsteam frå 2020: Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk, barnevern, pedagogisk-psykologisk teneste, kommunepsykolog, helsestasjon/skulehelseteneste, helsestasjonslege, skule, barnehage, psykisk helseteneste
- Skulehelseteam frå januar 2022: rektor, rådgivar, sosiallærar, og helsesjukepleiar
- Ansvarsgruppe: langvarig og koordinerte helsetenester som arbeider mellom anna med individuell plan
- Politi og skulehelseteneste (Utsett, rusførebyggande arbeid i skule)
- Friskliv, ungdomskontakt og helsestasjon/skulehelseteneste
- Helsestasjon/skulehelseteneste og barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk
- Helsestasjon/skulehelseteneste, kommunepsykolog og psykisk helseteneste
- Tidlig inn: helsestasjon, helsestasjonslege, psykisk helseteneste og jordmortjeneste

- Barnehagane har systematisk samarbeid med pedagogisk- psykologisk teneste og helsejukepleierar der dei kjem i barnehagen ca. ein gong i månaden. Dette som eit ledd i ”tidleg inn” med rettleiing direkte til barnehagen og/eller til heimane.

Evaluering av dagens tverrfagleg samarbeid:

Innsatsteamet har brukt tid på å finne forma i samarbeidet. Dei har hatt færre saker enn det ein ynskjer, og sakene er innanfor skulealder. Det har vore ei evaluering av teamet våren 2022, og sett nye mål.

Skulehelseteam og barnehagehelseteam er nytt. Vi er i gang med utprøving.

Vi har arenaer for tverrfagleg samarbeid, men for stor avstand mellom tenesteområda kan vera avgrensande.

Øystre Slidre er ein liten kommune, og det ligg godt til rette for eit tett samarbeid på tvers av tenestene. I sum har kommunen god kompetanse innanfor ulike område av rettleiing og opplæring. Tilsett i psykisk helseteneste tek vidareutdanning innan tverrfageleg psykososialt arbeid med barn og unge 0-25 år.

Forbettingsområde:

Integrering: bygge opp rutinar for å ivareta dei som flytter til kommunen, både flyktningar og andre som kjem til kommunen. Spesielt for dei som treng ivaretaking frå fleire instansar.

Få fleire saker inn til innsatsteam på eit tidleg tidspunkt.

Tidleg innsats: sjå behovet for hjelp tidlegare, og vidare kunne søke hjelp frå PPT og barnevern.

Samhandling utan at kunstige inndelingar innan tenestene gir dårlegare tenestetilbod

ØNSKA SITUASJON

Foreldrekompetanse

Mål: Gje foreldre kunnskap om tilknytning som gir trygge ungar med god sjølvfølelse.

Foreldre skal vera godt kjend med tilboda vi har for å få informasjon og hjelp. Det skal opplevast som trygt å be om hjelp i foreldrerolla. Vidare vil dette gje barn og unge ein tygg oppvekst og førebygge eventuelle utfordringar/vanskar seinare.

Målretta tiltak som foreldre opplever som nyttig, og som har kvalitativt fagleg godt innhald.

	Mål:	Målgruppe:	Tema:
Helsestasjon	Væra lett tilgjengeleg og gje foreldre den rettleiinga dei ønsker, samt gje kunnskap om kva som skaper god tilknyting.	Nå alle foreldre med barn frå 0 år til skolestart	Samspele, tilknytning, ernæring, søvn, motorikk, aktivitet, skjermbruk, språk, tannhelse, ulykker/skade, utvikling, åtferd, vald, seksualitet, foreldre si psykisk helse
Barnehage	Gje kunnskap om tilknytning, naturleg åtferd og grensesetting. Styrke trua på seg sjølv som foreldre.	Foreldre i barnehagane	Regulering av emosjonar. Korleis møte ulike følelsar og kunne stå i barna sine følelsar som forelder. Foreldrerolla: Robuste foreldre = robuste barn.
Barneskule	Rettleie heimar i foreldrerolla når barnet er ein del av eit sosialt fellesskap. Korleis gjere foreldre bevisst på eiga rolle i barna si læring?	Foreldre på barneskulen	Ditt barn som ein del av eit sosialt læringsmiljø. Kunne handtere vanskelege situasjoner. Korleis kunne hjelpe til i barnet si faglege utvikling?
Ungdomsskule	Trygge heimane på å stå støtt i rolla som foreldre i ungdomstida, og i det hjelpe og styrke ungdommen.	Foreldre på ungdomsskulen	Psykisk helse i ungdomsskulealder, livsmeistring
Skulehelsetenestene	Væra lett tilgjengeleg og synleg for foreldre. Delta i	Foreldre med barn i skulealder	Barna si utvikling, barnforeldre samarbeid, vennskap, aktivitet og

	foreldreretta arbeid med formål å auke helsekompetanse.		skjermbruk, seksualitet, ernæring/kosthald
--	---	--	--

Alle barn og foreldre har dei første leveåra jamleg kontakt med helsestasjon – informasjonskanal om tilbod.

Informasjon om tilbod på foreldremøtet/foreldreskole som kan gi støtte til alle heimane.

Ha eit ressursteam som skal kunne gå inn å rettleie heimar ved behov. For eksempel ved skulevegringssaker. Teamet skal kunne gje heimane konkret støtte og setje dei i stand til å handtere situasjonen sjølv så fort som mogeleg. Teamet blir etablert i miljøtenesta.

Barnekoordinator: barn med behov for hjelp frå fleire tenester har rett på ein barnekoordinator frå og med hausten 22. Barnekoordinatoren sikrar at kommunen kan gje rett hjelp til barnet.

Kunne nytte TIBIR som eit kurs til heimane innanfor lågterskeltilbod. Ha god nok kapasitet til at PMTO blir eit tilgjengeleg tilbod.

Ansatte i barnehage og skule kan hjelpe heimane ved bruk av COS-P, Tryggheitssirkelen.

Kultur og fritid

Mål: Kunne gje eit heilskapleg fritidstilbod

Kommunen ynskjer å etablere eit meir heilskapleg fritidstilbod for born og unge i kommunen, med mål om at flest mogleg ungdommar skal kunne ta del i meiningsfylte miljø og aktivitetar der dei kan oppleve tilhøyrighet og meistring. Dette bør skje gjennom eit tettare samarbeid og ein meir heilskapleg organisering av tilbod og aktivitetar mellom kommunen sine aktørar i barnehagen, skulane, kulturskulen, ungdomsklubben og det frivillige kultur- og idrettslivet.



Det er viktig for å bygge vidare på dei gode tradisjonane og rammene som ligg i dei ulike tilboda og organisasjonane. For å ruste oss for framtida som ein aktuell tenesteytar, må me jobbe kontinuerleg med utvikling for å vere relevante i forhold til dei tilbod, aktivitetar og miljø som born og unge ynskjer å ta del i. Dette kan me få til gjennom å vere undersøkande og lyttande til innbyggjarane i kommunen, og legge opp til demokratiske prosessar for medverknad i forming og utvikling av tilboda. Utviklinga og globaliseringa skapar stadig raske endringar, og det er naudsynt å vere «på» og innovative for å vere aktuelle. Her kan også kommunen ta ei undersøkjande og rådgjevande rolle ovafor det frivillige kultur og idrettslivet, gjennom å kartlegge og informere om status og rørsler innan ungdomskulturen.

Ein kulturskule for alle

Kulturskulen skal ivareta eit mangfald av kunst og kulturfag gjennom læring, oppleving, skaping og formidling på alle nivå. Kulturskulen skal samarbeide med grunnskulen for å styrke kompetanse og kulturell utfolding. Kulturskuletilbodet har også eit samfunnsoppdrag i samarbeid med det lokale kulturlivet, der den som faginstitusjon har ansvar for opplæring i kunst og kulturuttrykk. Kulturskulen skal i større grad bli ein “kulturskule for alle”, som ein del av heile livsløpet.

Tilboda i kulturskulen skal vere relevante for elevane, både dei som er opptekne av det tradisjonelle og nyare trendar. Det er viktig at kulturskulen tek pulsen på notida og er oppdaterte på kva som rører seg i samfunnet, for å kunne legge til rette for tilbod med utgangspunkt i elevane sine referansar og ynskjer for opplæringstilbodet. Samtidig skal kulturskulen jobbe målretta og systematisk for å behalde og vidareføre vår ubrotne folkemusikkarv.

Kulturskulen ynskjer å etablere eit elevråd for kulturskulen, som kan gje tilbakemeldingar på tilboden ut frå eit elevperspektiv og vere med å påverke og tilpasse innhaldet i tilbod og i undervisninga i kulturskulen. Relevans i innhaldet i er ein viktig motivasjonsfaktor for elevane. Kulturskulen skal også bruke det pågående utviklingsarbeidet med ”vurdering for læring” til å betre praksisen for eigen og felles refleksjon og dialog kring innhaldet i undervisninga mellom elev og lærar.

Kulturskulen skal jobbe for å få fleire elevar, med satsing på å rekruttere gjennom introduksjonstilbod, tilby elevplassar og kurs til vaksne og betre tilrettelegging innan dei ulike nivåa. Me må også gjere plass til og inkludere våre nye innbyggjarar sine kulturar og kulturuttrykk i våre tilbod, t.d. flyktningane. Det er også viktig at kulturskulen vert betre på informasjon om kva som skjer i kulturskulen, og kva tilbod me tilbyr.

Kulturskulen skal i større grad tilby breidde-, kjerne- og fordjupingstilbod. Breiddeprogrammet skal famne breitt og ha fokus på læring gjennom utprøving, leik og glede. Kjerneprogrammet er for elevar som ynskjer å arbeide meir med ulike fag, systematisk og over tid, medan fordjupingstilboden er for elevar med særleg interesse, høg og målretta innsats.

Eit tilbod i kulturskulen skal vere til ein rimeleg pris.

Ungdomsklubben

Ungdomsklubben ynskjer å vere nærmare knytt til andre som tilbyr tilbod og tenester til born og unge. Gjennom betre utveksling av informasjon, kompetanse, samarbeid og samhandling, vil klubben kunne vere ein tilretteleggar og arena for meir spissa tilbod i skuletida og på fritida, som ein arena for fordjuping og innan spesielt tilrettelagte behov. Dette kan også vere i samarbeid med kulturskulen.

Klubben skal halde fram med å søke etter- og legge til rette for dei aktivitetane og tilboda ungdomane ynskjer seg - om det er etter ynskje frå ungdomsgrupper eller enkeltungdomar. Vårt mål er at alle skal ha eit tilbod, og at alle skal oppleve å bli sett og anerkjent for sine interesser, referansar og ferdigheiter.

Klubben skal gjennomføre prosjektet med etablering av Nettverket E-Sportsenter (NE-S) i samarbeid med foreininga for senteret, og sikre gode driftsvilkår i enden av prosjektperioden. Klubben skal også gjennomføre eit prøveprosjekt for å kartlegge kostnadane og behov for eit varig meketilbod for ungdom. Me har også eit ynskje om at NE-S og mekkeklubben kan bli etablert som tilbod der fasilitetar og utstyr kan nyttast innan opplærings- og inkluderingsarbeidet for born, unge og unge vaksne i kommunen.

Klubben skal halde fram med prioritering av frivilliggruppa på ungdomsklubben, som eit tiltak for å gje ungdomane eit eigarforhold til Gapahuken og tilboden på klubben.

Klubben ynskjer i større grad å samarbeide med lokale lag og organisasjonar om prosjekt og arrangement som kan bidra til å få ungdomane inn i dei tilboda me allereie har i kommunen. Klubben skal i utgangspunktet vere eit supplement til- og ikkje eit alternativ til dei tilboda me har for å forhindre utanforskap. Me skal heller ikkje drive konkurrerande verksemd og tilby same tilbod som andre i kommunen.

Klubben skal vidareføre det gode samarbeidet med Lydkåken Rockeverkstad og Husflidslaget om våre felles tilbod for ungdom og unge vaksne.

Kommunen må også legge til rette for at Gapahuken sitt unytta potensiale som kulturbrygg kjem betre til nytte.

Idretten

Idretten ynskjer at fleire tek del i deira organiserte aktivitetar, og at det vert skapt ein kultur der fleir føresette tek del i det frivillige arbeidet med å drive laga og aktivitetene.

Idrettslaga ynskjer å ha eit godt samarbeid om gode idrettstilbod innan fotball, ski, handball og sykling, men også andre tilbod slik at flest mogleg born og unge kan ta del i aktivitetar som er relevante for dei. Det skal vere tilbod innan topp- og breiddeidrett, der fokus på det sosiale og å bygge miljø er viktige forutsetningar for at ungdomane held fram med idrett i ungdomsåra. For mange unge er det viktigare å ha det moro med varierte fysiske aktivitetar enn å konkurrere. Dette må idrettslaga ha med i tankane i organisering av- og rekruttering til tilboda sine.

Idrettslaga ynskjer at det vert etablert ein idrettshall i midtbygda, som i tillegg til dei tradisjonelle idrettane bør ha rom for nye og framtidige tilbod.

Andre lag og organisasjonar som jobbar med barn og unge

Kommunen skal legge til rette for at frivillige lag og organisasjonar kan få gjort sine tilbod tilgjengeleg og kjend.

Kommunen er med på å stimulere for frivillig arbeid for alle generasjonar.

Barnehage og skule:

Mål: Me skal ha barnehagar og skular som tek vare på barna sine behov for omsorg og leik og som leggje vekt på læring, venskap og språk. Me skal arbeide for at barn og unge blir best mogleg førebudd til å meistre sine eigne liv og vere godt førebudd på arbeids- og samfunnsliv.

Vi ynskjer at ungane skal oppleve omsorg, tryggleik og meistring i sine eigne liv. At dei skal kjenne på ein tilhøyregheit og kjenne seg inkludert der dei veks opp, samt få gode og erfaringsrike opplevelingar gjennom barndomen.

Barnehagane og skulane i Øystre Slidre skal ha god og brei observasjonskompetanse for å tidleg kunne sjå risikofaktorar for barn. Da kan ein sette inn tiltak som minskar risikoen for skeivutvikling. Dei kommunale barnehagane og skulane skal bygge opp kompetanse innan COS-P (Tryggleikssirkelen) i den einskilde eining. Kurset sin nytteverdi er å få utvida forståing av kva barn treng for å kjenne seg trygge. Det gir og kunnskap og innsikt i idear til foreldresamarbeid, kollegastøtte og å gi rettleiing.



- Foreldreskule i barnehagane i samarbeid med helsestasjonen og samarbeidsutvalet i den einskilde barnehage med fokus på foreldrerolla. Avklare forventningar og bygge tillit til kvarandre.
- Ha full barnehagedekning til ein kvar tid. Dekke opp behovet for barnehageplass ved tilflytting.
- Foreldrenettverk i barnehagane som foreldra driv sjølve.
- Sikre kompetanse i barnehage og skule: nyte kompetanseplanane våre aktivt og revidere dei to gonger i året.
- Foreldrerettleiing i heimen og ved kurs.
- Rutinar for korleis ein tek imot flyktningar og andre framandspråklege barn. Auke kompetanse innafor migrasjon.
- Tilbod om sommar-SFO, haustferie-SFO og vinter-SFO i kommunen i tillegg til SFO i skuleåret. SFO er eit lågterskeltilbod der ungane kan vera med på aktivitet og ha det sosialt med jamnaldrande.
- Rekruttering av godt kvalifisert arbeidskraft + å behalde dei vi har. God oppfølging av nyttilsette. Nyte ny rutine for rettleiing av nyttilsette.
- Auke elevane sin motivasjon for skule, og ved det auke det faglege trykket.
- Kunne hente inn kompetanse via laget rundt barnet. Gode samhandlingsmodellar.
- Ruste leiinga i barnehage og skule til å handtere dagens og framtidas utfordringar.
- Bruke undervisningstilbodet frå eksterne tenester for å sikre kompetanse og medvit rundt seksuelle overgrep og omsorgssvikt.

- Ha samarbeid med næringslivet for å gje ungdomen god informasjon om ulike yrker som er i lokalsamfunnet.

Fysisk og psykisk helse:

Mål:

- **Oppveksten til born og unge skal uavhengig av føresetnadene, gje grunnlag for god psykisk og fysisk helse.**
- **Me skal legge vekt på haldningsskapande arbeid slik at barn og unge skal trivast og ha respekt for seg sjølv, andre og omgivnadane.**

Barn og unge lever her og no. Dei er opne for ulike synspunkt som kan bli styrka i relasjonane dei har med familien, kvarandre og samfunnet. Likskap er lite kreativt- og kjedeleg. Når vi som samfunn tek utgangspunkt i å verdsette dei ulikskapane som finns, kan vi begynne å utforske alternativa. Det handle om energien, oppfinnsomheita og gleda som oppstår ved å skape ein ny verkelegheit som er langt betre enn den gamle. Åleine klarer vi så lite. Saman klarer vi så mykje. God nok fysisk og psykisk helse inneber at familien, vene og samfunnet klarer å gi næring til kropp, hovud, hjarte og sjel.

I arbeidet med psykisk helse skal ein også ha opplegg der ein gjer ting som er positive, og nyttar desse anledningane til å forklare og samtale om kva positive opplevingar og miljø har å bety for vår psykiske helse. Tenke alternative aktivitetar for å styrke positive faktorar, lag eksempel og legg opp til refleksjon kring desse. Ein skal halde fram med fokus på låg terskel for å ta imot hjelp.

At barn får ein trygg tilknyting utviklar ofte eit positivt sjølvbilde og god forståing av eigne og andre si åtferd. Dette fremjer god psykisk helse. Psykisk helse handlar om evna til å meistre tankar, følelsar, åtferd og kvardagens krav, og krev at omsorgspersonane rundt barnet veit kva barna treng av støtte.

Fysisk aktivitet bidreg til normal vekst og utvikling, og kan førebygge sjukdom i vaksen alder. Aktivitet har også mykje å seie for barn og unge si psykiske helse, styrke sjølvbilde, auke true på eiga meistring, betre sosial tilpassing og generelt auka trivsel.

I Øystre Slidre ynskjer vi å støtte omsorgspersonar til å gi ei god tilknytning til sine barn, og være lett tilgjengeleg for rettleiing. Føresette i kommunen skal bli kjend med kva rettleiing dei kan få i kommunen gjennom helsestasjon, barnehage og skule.

Den vaksenkontakten barn og unge har i dei kommunale tenestene bør har ein kompetanse i å forstå dei unge sin livssituasjon for kunne støtte og hjelpe. En tydeleg og varm

kommunikasjon er viktig for å skape gode relasjoner til barna. Tenestene skal vidare ha eit samarbeid som tilbyr barn og deira familiar tidleg og rett hjelp, og dei som har samansette teneste tidleg, får tilbod om ein kommunal koordinator/barnekoordinator. Unge i Øystre Slidre som treng hjelp skal vite kvar dei kan henvende seg.

For å bidra til at barn og unge kan auke si fysiske aktivitet ynskjer kommunen å legge til rette for aktivitetstilbod med fleksibilitet og låg ferdighetstreshold, samt redusere trafikal belastning så barn og unge kan bevege seg mellom samlingsplassar. Barnehagar og skula vil legge til rette for varierte aktivitetar gjennom dagen med moderat til høg intensitet, etter anbefalingane 180 minutt om dagen for barn 1-5 år og 60 minutt om dagen for barn og unge 6-17 år.

Tverrfagleg samhandling – laget rundt barn og unge i Øystre Slidre

Mål:

- **Me skal ha eit tverrfagleg hjelpetilbod tilpassa innbyggjarane sine behov med vekt på spissa tiltak.**
- **Det tverrfaglege hjelpetilboden skal ha tydeleg struktur og ansvarsfordeling for å nytte ressursane best mogeleg.**

I Øystre Slidre har vi ein kjend og oversiktleg samarbeidsstruktur, der utgangspunktet alltid er kva barnet/ungdommen/heimen har behov for av støttetiltak. Tenestene samarbeider på tvers for å vurdere kva som er rett tiltak å gje tilbod om. Heimane er delaktige i prosessen. Barnets beste blir vurdert saman med eit heilskapleg bilde av tilgjengelege tiltak.

Vi får kjennskap til og tek tak i behova så tidleg som mogleg, og dei tilsette har god kompetanse på å oppdage behov, kommunikasjon med heimane og å bruke tiltaka vi har for å førebygge skeivutvikling og omsorgssvikt hjå barn.

Ein arbeider ut i frå lågast mogleg nivå, og ansvarsfordeling blir tydeleg definert.

Målet med tverrfagleg samarbeid er å nytte fagkunnskap og ressursane vi har best mogeleg for innbyggjarane. Skal ein kunne hjelpe barn og unge, er det også ofte naudsynt å hjelpe heile familien.

Kompetanse innanfor tverrfagleg samarbeid.

Kommunen har personale med kompetanse innanfor i traumebasert omsorg. Dei skal dele kompetansen vidare ut i skule. Traumebevisst omsorg tek utgangspunkt i at størst påverknad på utvikling og meistring skjer når barnet er saman med andre.

Kartlegge effekt av arbeid i ansvarsgrupper/grupper med barnekoordinator: For å få rask kjennskap til effekten av arbeidet som blir gjort for å hjelpe dei enkelte heimane, skal koordinator ha ein evalueringssamtale med heimane.

Struktur på samarbeidsforum, generelt nivå for barn og unge:

<p>Oppvekstforum: To møter i året</p> <ul style="list-style-type: none">- Kommunalsjef, styrarar, rektorar, kommunepsykolog, helsestasjon, psykisk helseteneste, miljøtenesta, tildelingskontoret, friskliv, ungdomskonsulent. <p>MÅL: Sikre at systemet under fungere. Sikre kontinuitet i oppvekstplanen. Samordne resultat av ulike kartleggingar, sikre brukarstemma.</p>	<p>Innsatsteam: Møte ein gong i månaden</p> <ul style="list-style-type: none">- Barnehage, skule, helsestasjon, PPT, psykisk helseteneste, BUP, kommunepsykolog, barnevern og helsestasjonslege. <p>MÅL: Lågterskeltilbod som skal sikre tverrfagleg innsats for barn og unge og deira foreldre på eit tidleg tidspunkt</p>	<p>Barnehagehelseteam i kvar barnehage</p> <p>I kvar barnehage: Ein gong i månaden</p> <ul style="list-style-type: none">- Styrar og helsesjukepleiar. <p>Psykisk helse/kommunespsykolog kan bli kalla inn.</p> <p>MÅL: Oppdage og få inn rett tiltak i barnehagen. Søke rettleiing/bistand utanfrå når det er behov for det.</p> <p>Skulehelseteam på kvar skule</p> <p>På kvar skule: To møter i månaden</p> <ul style="list-style-type: none">- Rektor, sosiallærar, helsesjukepleiar. <p>Psykisk helse/kommunespsykolog kan bli kalla inn.</p> <p>MÅL: Oppdage og få inn rett tiltak i skulen. Søke rettleiing/bistand utanfrå når det er behov for det.</p>	<p>Tidleg inn team</p> <p>Møte to gonger i året. Kan bli kalla inn ved behov.</p> <ul style="list-style-type: none">- Lege, jordmor, helsesjukepleiar og psykisk helse. Andre tenester kan bli kalla inn ved behov. <p>Mål: samarbeid mellom tenestene for å identifisere, handtere bekymring og følge opp den gravide, foreldre eller spedbarn/småbarn så tidleg som mogleg.</p>
29			

Struktur på samarbeidsfora saksnivå for barn/unge med behov for tverrfagleg hjelp:

- Me skal ha eit helse- og omsorgstilbod tilpassa innbyggjarane sine behov med vekt på førebyggjande tiltak og meistring av eige liv.

<p style="text-align: center;">Koordinering av tenestetilbod</p> <ul style="list-style-type: none">- Barnekoordinator/styrar/rektor, tildelingskontoret og andre aktuelle kommunale tenester <p>Møte etter behov. Hovudregel ved oppstart av sak, men og dersom det blir behov seinare i løpet.</p> <p>MÅL: Kunne gje tilbod frå rett teneste med rett kompetanse til rett tid. Samordne tenestetilbodet effektivt og til det beste for barnet/ungdommen og heimane. Dersom det ikkje er oppretta koordinator, er det styrar eller rektor som tek initiativ til møte.</p>	
<p style="text-align: center;">Ansvarsgruppe</p> <ul style="list-style-type: none">- Heim, koordinator, aktuelle kommunale teneste, eksterne aktuelle teneste <p>Møta har fokus på heile livet til barnet/ungdommen. Iwareta samansette helseutfordringar</p> <p>Mål: Alle instansar som er involvert rundt barnet deltar i møte saman med pårørande for å sikre at tenesta blir ytt til det beste for barnet.</p>	
<p style="text-align: center;">Samarbeidsmøte</p> <ul style="list-style-type: none">- Møte med heim, barnehage/skule og PPT (miljøtenesta, BUP, HAB). <p>Møta har fokus på opplæringssituasjonen</p> <p>Mål: Legge best mogeleg til rette for opplæring</p>	